

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
20.11.2024 24/7306- 29 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
33/24	Vestlandsrådet - arbeidsutval	27.11.2024

DRØFTINGSSAK - Møteplan Vestlandsrådet og Vestlandsrådet arbeidsutval 2025

Vestlandsrådet - arbeidsutval 27.11.2024 - sak 33/24

Behandling

Vedtak:

Første møte i Vestlandsrådet arrangerast 28. januar 2025, i Haugesund.

Første møte i Vestlandsrådet arbeidsutval arrangerast 24. januar 2025, Teams-møte.

Møteplan for resten av 2025 vert vedteke i dei møta.

Innstilling:

Saka blir lagt fram uten innstilling.

Bakgrunn

Medlemmene i Vestlandsrådet og Vestlandsrådet Arbeidsutval har mange oppgåver og aktivitetar og det er ein stor fordel å fastsette møtedatoar så tidleg som mogleg. Det har og vore uttrykt ønske om dette frå medlemmar dette året.

Vestlandsrådet

Samarbeidsavtalen gir lite føringar når det gjeld talet på møte, men fastset at det minst skal være 3 møter i Vestlandsrådet:

§ 7 Møter i Vestlandsrådet

Det vert normalt halde minst tre møte i året. Møta skal så langt råd er fordelast på dei tre samarbeidande fylka. Når AU finn det tenleg, kan eit møte leggast til andre stader.

Vestlandsrådet Arbeidsutval (AU)

AU fastset sine egne møte, der den politiske dagorden vert fastsatt og der ein tek avgjerd mellom rådsmøta der det er nødvendig.

Det vil og for AU være hensiktsmessig å fastsette ein del møtedatoar tidleg, for å få lagt dette inn i medlemmane sine kalenderar.

Arrangement og møter i Vestlandsrådet sin regi

Det bør vurderast om andre arrangement og møter i Vestlandsrådets regi skal integrerast i møtekalendrane til rådet og AU.

Vurdering

Rogaland fylkeskommune tek over leiarskapen og sekretariatsfunksjonen i 2025, og administrasjonen der vil om mogleg utarbeide eit forslag til møteplan for Vestlandsrådet og AU som legges fram for møtet i AU 27.11.2024. Det vil haldast eit møte om dette i Rogaland den 22.november, og av den grunn vil eit eventuelt forslag til møteplan bli lagt fram i møtet.

Endeleg forslag til møtedatoar i Vestlandsrådet legges fram som sak i rådet sitt første møte i 2025.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

